

Karin Hellebust og Sigvald Aasen
Hellebust
6146 ÅHEIM

21.05.13

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5191 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn til Småkraft AS sin søknad om Kasseelva kraftverk Vanylven Kommune Møre og Romsdal
Viset til søknad om løyve for Kasseelva Kraftverk.

Vi har ein skogteig i kloven, der inntaksdam alternativ A er planlagd. Vi vil ha fri tilgang til skogteigen, også ved eventuell utbygging av kraftverk. Det går også ein sti frå Kassen til Klovestøylen, denne har ein historisk samanheng med stølsdrifta som var på Klovestøylen på 1900-tallet. Stien er einaste framkomstveg til støyane på Kloven. Den vart også brukt til å frakte mjølk frå Klovestøylen og ned til gardane på Hellebust sør. Stien vert ennå brukt til turgåing og bærplukking, og blir brukt som snarveg til Dueeggja (Storevareggja).

Det er noko uklart om plasseringa til den eventuelle kraftstasjonen i forhold til grensa mot Hellebust, då dette ikkje kjem eksakt fram av noko kart.

Kvernhuset på Hellebust frå 1600-tallet ligger i tett nærleik av planlagd kraftstasjon. Det er intakt med alt som høyrer til eit kvernhus. Kvernhuset er mellom anna brukt i undervisninga ved Åheim Skule, der elevane får omvising.

Dersom det vert brot på planlagde demningar og rør, og i tillegg storflom, kan dette føre til store øydeleggingar på dyrka mark (både på Nord- og Sør-Hellebust). Ved ein vanleg haust- eller vårflaum står halvparten av den dyrka marka under vatn. Flaumen har til tider også gått over fylkesvegen, sjå vedlagde bilete.

Med helsing
Karin Hellebust og Sigvald Aasen